

Nærings- og utviklingsfond for utsette område - søknadsfrist 14.05.2021- del av saksframstilling - omtale og vurdering av søknadar.

Omtale og vurdering av søknadar:

Nr	Prosjekt og prosjekteigar	Omtale	Vurdering
1	<p>Hyllestad næringsutvikling 2021-2022</p> <p>Hyllestad kommune</p>	<p>Hyllestad kommune har store utfordringar når det gjeld nedgang i folketal og arbeidsplassar og eit einssidig næringsliv. Særskilt ser dei det som viktig å stanse og reversere at unge kvinner flyttar frå kommunen. Kommune, næringsliv, lag- og organisasjonar og offentleg verkemiddelapparat vil difor jobbe målretta saman med tiltak som styrkar næringsgrunnlaget, sikrar lyst til å bu, og som gjev ønska utvikling. Prosjektet bli ledd nummer to i ein tre-trinns plan for omstilling og utvikling i Hyllestad.</p> <p>Første trinn vart starta i 2020 då hjørnesteinsbedrifta Havyard varsla at dei måtte redusere tal tilsette med omlag 110 i løpet av 2021. Målet med dette trinnet var å skaffe nytt arbeid til dei som vart råka.</p> <p>Kommunen har fleire bedrifter som har varsla om at dei må redusere tal tilsette. Målet med trinn to er difor å gjennomføre eit tilsvarande prosjekt som i trinn 1, men med fokus ut over Havyard og Havyard-tilsette. Trinn 2, 2021-22, skal også følgje opp resultat og konsekvensar frå Havyard-prosjektet.</p> <p>Som trinn 3 planlegg kommunen eit meir langsiktig omstillings- og vekstprogram for Hyllestad føresett at fylkeskommunen sitt initiativ til omstillingsmidlar over statsbudsjettet fører fram, jf fylkeskommunen sitt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.</p>	<p>I Hyllestad kommune var det 4. kvartal 2021 1294 innbyggjarar. Kommunen er ein av kommunane med mest einssidig næringsstruktur i Vestland, både i privat sektor og samla. Utdanningsnivået er mellom dei lågaste i fylket og kommunen er ein av dei i fylket med høgast forsørgjarbyrde for eldre. Kommunen har også den nest høgaste delen av sysselsetting innan konkurranseutsette næringar i fylket. Ut frå dette, er kommunen er heilt klart i målgruppa for fondet.</p> <p>Prosjektet er eitt trinn i ein lenger omstillingsplan. Arbeidet har så langt gjeve gode resultat. Gjennom første trinn er det funne alternativ for 65 av dei 110 som misser jobben ved Havyard. Kommunen ynskjer å følgje opp arbeidet som er gjort i høve til Havyard og bruke erfaringane i eit prosjekt for å utvikle andre og nye næringar i kommunen. Dette vil sikre resultat som er oppnådd, men også for bidra til vidare utvikling. Detaljar i prosjektet vil ikkje vere klar før svar på søknaden. Tilskot blir difor gjeve under føresetnad av at midlane blir forvalta i tråd med gjeldande regelverk, mellom anna statsstøtteregelverket og innkjøpsregelverket. Tilskotet er litt avkorta sidan dette er ein omfattande søknad, for å ha tilstrekkeleg med midlar til dei andre prosjekta som har søkt om støtte frå fondet.</p>

2	<p>Peak Høyanger</p> <p>Peak Property AS</p>	<p>Peak Property AS skal i samarbeid med Høyanger næringsutvikling jobbe for å etablere ei moderne næringsklynge i sentrum av Høyanger, kalla Peak Høyanger. Målet er å tilby kontor og fleksible arbeidsplassar i eit miljø som skal stimulere innovasjon, effektivitet og trivsel. Prosjektet det blir søkt om, skal stå for ei samla prosjektutvikling som skal gje grunnlag for å etablere kontorfellesskapet og redusere risikoen til Peak Property AS med dette arbeidet. Følgjande fasar ligg i prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> -halde fram arbeidet som er i gang med å utvikle gode konseptskisser i 3D og film/video -gjennomføre møte med aktuelle aktørar som kan inngå i Peak Høyanger -etablere intensjonsavtaler for leige og konvertere desse til bindande leigeavtaler --utvikle ein utfyllande investeringspresentasjon -arrangere innsalsmøte for leigetakarar, investorar og lokalt næringsliv -skaffe nok eigenkapital til kjøp av aktuell lokasjon/eigedom <p>Prosjektet skal gjennomførast i 2021.</p>	<p>Prosjektet er starta opp, men treng midlar for å bli fullført. Peak Property skal vere utførande i prosessen med å fullføre prosjekteringa av ein felles kontormiljø tilsvarande det som dei har utvikla i Førde og Florø tidlegare. Der har ein lukkast med å skape gode utviklingsmiljø for grundarar og småbedrifter. Kontorfellesskapet har også gjort det lettare for deltakarbedriftene å rekruttere nye medarbeidar. Høyanger er ein kommune med einssidig næringsgrunnlag og mykje industri. Tal arbeidsplassar er redusert og innbyggartalet har gått ned med omlag 13% sidan år 2000. På denne bakgrunn blir prosjektet støtta. Støtta gjeld arbeid som ikkje er starta enno. M.a. sidan arbeid med å utvikle konseptskisser 3D og film/video er påbegynt, er støtta redusert i høva til det som er søkt om.</p> <p>Tilskot må gjevast som bagatellmessig støtte og det må søkar stadfesta å vere kvalifisert for.</p>
---	--	--	---

3	<p>Desentralisert utdanning Voss/Hardanger/Kvinnherad</p> <p>Næringshagen på Voss</p>	<p>Næringshagane i Ullensvang, Hardanger, på Voss og Kvinnherad Næringssservice har i lenger tid samarbeida om å legge til rette for desentralisert utdanning i regionen. Formål er mellom anna å legge til rette for desentraliserte studium som er relevante for lokalt næringsliv i dei 6 kommune/herada partane representerer: Eidfjord, Ulvik, Kvam, Ullensvang, Kvinnherad og Voss.</p> <p>Hovudmålet er at prosjektet etter 3 år, skal munne ut i eit statleg finansierte tilbud tilsvarande andre desentraliserte studiesenter i landet. På sikt skal initiativet sikre arbeidsplassar, heve kompetansen lokalt og sannsynlegvis redusere fråflytting. Næringshagen ser for seg å ha ei koordinerende rolle: avdekke behovet til næringslivet, formidle behovet til utdanningsinstitusjonane og legge til rette for å gjennomføre. Det blir søkt om eit 3-årig prosjekt og målet er å få på plass statleg finansiering når prosjektperioden er omme. Prosjektperiode er 2021-2023.</p>	<p>Å skaffe nok folk med rett kompetanse er ei utfordring i mange av kommunane i Vestland. Desentralisert utdanning som legg til rette for at dei som bur i distrikta får utvikle kompetansen sin i tråd med endra behov i næringslivet, er ein effektiv måte å skaffe kompetent arbeidskraft på. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er eitt av satsingspunkta i regional plan for innovasjon og næringsutvikling som blir lagt fram for Fylkestinget i juni. Fondet er retta mot område som opplever folketalsnedgang. Dei fem kommunane i Hardanger som prosjektet omfattar, har hatt ein nedgang i folketal på 5,3% sidan år 2000. Medrekna Voss, har nedgangen vore på nær 2000 personar i perioden. Prosjektet får støtte i tråd med søknad. Det blir arbeidd med å utforme nasjonale ordningar for å gjennomføre og finansiere desentralisert utdanning. Dersom nasjonale ordningar er på plass før prosjektperioden er omme og behovet for prosjektet dermed blir borte, kan tilskotet bli avkorta.</p>
4	<p>Hjelp til vekst, reetablering og nye satsingsområde</p> <p>Øygarden næringsutvikling Kf</p>	<p>Øygarden næringsutvikling ynskjer å tilby omlag 20 bedrifter hjelp til omstilling gjennom eit utviklingsprogram. Målgruppe er mindre bedrifter som manglar kompetansen og som ikkje har økonomi til å nytte ekstern hjelp. Dette kan vere aktørar/leverandørar til olje- og gassnæringa, reiseliv og servicenæringa og innan handelsverksemd.</p> <p>Programmet skal vere sett saman av 4 modular: «Sett mål», «Gjør noen valg», «Gjennomfør det» og «Selg mer». «Gjennomføre og selge». Prosjektet skal i hovudsak gjennomførast i 2021.</p>	<p>Arbeidsløysa i Øygarden er relativt høg på grunn av korona og nedgang i oljenæringa. Prosjektet skal jobbe målretta for å bøte på utfordringane små bedrifter står ovanfor som følgje av dette. Sjølv om kommunen ikkje står i fare for å bli råka av fråflytting, får prosjektet støtte fordi det har ei tydeleg definert målgruppe innan næringar som er hardt råka av arbeidsløysa. Tilskot må gjevast som bagatellmessig støtte og det har søkar stadfesta å vere kvalifisert for.</p>
5	<p>Innovative lokale løysingar gjennom designtenking</p> <p>Aurland kommune</p>	<p>Pandemien har ført til stor arbeidsløysa i Aurland. Dei er redd for at den positive utviklinga som har vore i folketallet dei siste åra, forsvinn fordi folk ikkje lenger har tilbod om heilårsarbeid. Pandemien har gjort at cruisenæringa har stoppa opp og det er usikkerheit om ny teknologi vert utvikla raskt nok til å møte kravet om nullutslepp i 2026. Reiselivet må omstille seg til nye marknader og ta i bruk ny teknologi. På kort sikt, er det ein prioritet å gjenreise og bidra til grøn omstilling i reiselivet. På lenger sikt, er ein viktig strategi å omstille til eit meir variert</p>	<p>I Aurland kommune var 15,5% av arbeidsstyrken langtidsledige i april. Dette er høgast av kommunane i Vestland. Mykje skuldast pandemien og dei negative verknadane den har hatt på reiselivsnæringa. Det er likevel ikkje sikkert at reiselivsnæringa kan drive som før når pandemien er over. Næringa må omstille seg til å bli meir berekraftig og i Aurland må dei førebu seg på å møte nullutsleppskravet som kjem i 2026. Erfaringane med omstilling som kommunen vil få gjennom prosjektet,</p>

		næringsliv. Aurland kommune søker om tilskot til å kjøpe ekstern prosessrettleiing for å nytte designtenking som arbeidsmetodikk og for å gjennomføre møte og arrangement knytt til prosessen. Prosjektet skal gjennomførast i 2021 og -22.	vil ha stor overføringsverdi til andre kommunar og område. Søkar har opplyst at Masterplan for reisemål Sogn blir lagt til grunn for prioriteringar i prosjektet. Å utarbeide prosjektplan/design av prosess vil vere ein del av eit tenestekjøp.
6	Felles laboratorium for H2Food Sitep	Årdal utvikling har søkt HNV2021 (midlar som fylkeskommunen har lyst ut - handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling) om midlar til prosjektet H2FOOD - Sirkulærøkonomi. Målet med det prosjektet, er å utvikle berekraftig matproduksjon basert på hydrogen og andre energikjelder. Gjennom det vil dei ta i bruk material/avfallsstraumane som er knytt til prosessindustrien og skape ny energi eller produkt. Sitep søker her om støtte til å utgreie fordeler og ulemper med eit felles laboratorium for aktørane i H2FOOD, forslag til organisering, innhald, kostnad og finansiering. Prosjektet skal gjennomførast i 2021.	Årdal kommune har hatt 10% reduksjon i folketalet siste 20 åra. Ein stor del av dei sysselsette jobbar i industrien eller med tilknytt verksemd. Industrien har store utanlandske konkurrentar og vil trenge nyinvestering framover. Næringslivet er svært ein-sidig og med svært skeiv kjønnsbalanse. Det gjer det vanskeleg å halde på ungdomane og trekke til seg nye innbyggjarar. Eit felles laboratorium er eit supplement til satsinga gjennom H2FOOD, som dei trur vil bidra til å snu denne utviklinga. Tilskot til å utgreie felles laboratorium må gjevast som bagatellmessig støtte og det har søkar stadfesta å vere kvalifisert for.
7	Fjordkokken/servitøren Sognefjorden næringshage	Søkar ynskjer i samarbeid med VisitSognefjord, Sogndal vidaregåande skule, Vitemeir Kaupanger og Sogn Næring å arrangere kurs i 2022, der minst 30 utanlandske kokkar skal få opplæring i norsk lokalmat og drikke. Dette for at dei skal bli i betre stand til å laga mat tilpassa norsk kundar. Dei skal besøke foredlingsbedrifter, få opplæring om råvarene og kva dei kan brukast til, foredling av sesongvarer og historiene bak rettane.	Dette er eit tiltak som kan bidra til ei betre matoppleving, og det styrkar reiselivstilbodet. Føremålet med fondet er å styrke næringsgrunnlaget og bidra til å etablere nye arbeidsplassar i kommunar som opplever vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. Målet med kurset det blir søkt om, er å lære opp utanlandske kokkar til å lage norsk mat. Kokkane er på plass. Prosjektet vil neppe føre til auka sysselsetjing, men vil utvikle kompetansen til kokkane. Dette er viktig nok, men vi vurderer det slik at dette ikkje når opp med tanke på denne konkrete tilskotsordninga.

8	Restarte regionalt samarbeid for realistisk heilårsturisme Sogn næring AS	<p>Dette 2-årige prosjektet (2021-22) skal restarte og forsterke samarbeid og utvikling i kriseråka reiselivsbygder i Sogn for å auke verdiskaping og lønsemd gjennom lengre sesong, og særleg ved å utvikle fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivet og der gjennom meir levedyktige lokalsamfunn og bygder der det i dag er eit einseitig og sesongbasert næringsliv. Prosjektet omfattar kommunane Sogndal og Aurland og har følgjande 5 delmål: Oppsummere og dele erfaringane frå lovande vintersatsing før korona, Spesifisere fleire lokal samarbeid (HUB-ar) med kritisk sett av tenester, Prøve ut og teste eit utvida sett av lokale tenester i dagens lågsesong, Oppsummere og tilrå vidare satsing, Gjennomføre effektiv prosjektleiing og kommunikasjon.</p>	<p>Prosjektet vil vere eitt bidrag for å få reiselivet på fota att etter pandemien og til å styrke næringa gjennom å utvide sesongen. Prosjektet omfattar Aurland kommune, Fjærland og Balestrand i Sogndal kommune og nokre bedrifter i Vik. Erfaringane frå prosjektet vil ha stor overføringsverdi også til andre kommunar og område i Vestland. Tilskot må gjevast som bagatellmessig støtte og det har søkar stadfesta å vere kvalifisert for.</p>
9	Studio Ytre Sogn AS Avisføretaket Ytre Sogn AS	<p>Avisføretaket Ytre Sogn søker om støtte til å bygge ut, innreie og utstyre eit fleksibelt studio til opptak av ulike typar lyd og handsaming av bilete.</p>	<p>Midlar frå fondet kan ikkje nyttast til driftskostnader i næringsverksemd eller til å investere i eigenkapital/fysiske investeringar.</p>
10	Påbygg Lavik Kro AS	<p>Det blir søkt om støtte til å bygge større lager, verkstad og utstillingslokale for Lavik Maskinsenter og å utvide kjøkkenet til Lavik Kro slik at dei kan starte med mikrobakeri.</p>	<p>Midlar frå fondet kan ikkje nyttast til å investere i eigenkapital/fysiske investeringar.</p>
11	Nytt satsingsområde Sogn kontorsenter AS	<p>Sogn kontorsenter ynskjer å auke inntektene sine slik at dei kan ta inn att permitterte tilsette. Dette vil dei gjere ved å selje kaffimaskiner med påfølgjande fast leveranse av kaffi. Dette er eit nytt tilbod og dei søker om støtte til å kjøpe maskin for demonstrasjon, støtte til opplæring og til salsarbeid.</p>	<p>Midlar frå fondet kan ikkje brukast å investere i eigenkapital/fysiske investeringar eller til driftskostnader i næringsverksemd.</p>